



Sjursen ANS
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4704 - 14/18360

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
15.08.2014

Godkjenning av ansvarsrett - gbnr 56/150, Hundvin - bustad

Ansvarleg søker: Sjursen ANS, 5108 Hordvik
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Lindås kommune ga 15.01.2013 løyve til oppføring av bustad med 1 bueining.

I søknad den gang hadde ein nytta blankett etter gammalt lovverk.

Lindås kommune kunne ikkje gje ansvarsrett før «søknad om ansvarsrett der føretaket ikkje har sentral godkjenning» var levert kommunen.

Saka no gjeld søknad om godkjenning av ansvarsrett for VVA arbeid, motteken 08.02.2013. Lindås kommune beklagar land sakshandsamingstid for denne søknaden.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Sjursen ANS** org.nr. 982491126 er **ansvarleg søker (SØK)**.

Føretaket Rør og Varmepumpeservice AS søker ansvar som PRO og UTF sanitæranlegg.

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO og UTF.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §23-5 (PRO) /§23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning av følgjande ansvarsrettar:

Føretak	*S/L	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde	Org. nummer
Rør og Varmepumpeservice AS	L	PRO/UTF, T1, sanitæranlegg utvendig og innvendig	993062898

*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr

Vi seier oss leie for at det har gått så lang før handsaming av søknaden.

Vi krev difor ikkje gebyr for handsaming.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med **ferdigattest**, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket **må** følgjande ligge føre:

1. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn**, og koordinatar (innmålingsdata) sendt kommunen.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.